

Værhetta i Nord-Østerdalen

– mellom nordisk traisjon og urban bymote

I året 1784 gifta Goro Iversdotter seg med Lars Olsson Hansmoen. Ho var fødd i 1759 og han i 1751. Som ung hustru hadde Goro skaffa seg mange nye kleplagg, som skulle vare livet ut, som skikken var i eldre tid. Men Goro døydde året etter, i barsel.

Blant kleda hennar fins ei svart vadmåls kåpe, tre trøyer, to stakker, eit kvitt og blått forkle, to luver, eit silketørkle og til slutt ei svart varehette eller værhetta.

Det er denne hetta artikkelen her skal dreie seg om.

Dette plagget vil eg prøve å sette inn i ein vidare drakthistorisk samanheng, i selskap med struthetta frå 1300-talet og borgerskaps tyske frå siste halvdel av 1800.

Hetter i Nord-Østerdalen

Værhetta som er brukt i Nord-Østerdalen på 17- og 1800-talet er i dag eit forholdsvis ukjent plagg. Det er stort sett i museale samlinger og hos få private desse fins.

Frå Tynset kjenner ein til tre hetter. Alle tre er sydd av moaré (eit ullstoff i lerretsbinding som er behandla slik at overflata får ei flammeverkning). Alle er svarte. Fôret i to av hettene er valka ullstoff, krappraudt og kvitt i den eine, grønt i to ulike fargar og kvalitetar i

den andre. Den tredje hetta frå Tynset er fôra med eit trykt bomullsstoff, i raudt, brunt og beige.

I Vingelen er det registrert fem hetter. Ei av desse er sydd av moaré, medan dei fire andre er av lerretsvove ullstoff. Desse fire er også ”stukne”, dvs. stoff og fôr er festa saman som vattering. Alle er svarte. Fôret er ulikt i alle hettene. To av dei har raudt ullfôr med ein kant av trykt bomullsstoff mot ansiktet. Dei to siste har fôr av blått valka ullstoff.

Frå Os kjenner me til ei hette. Denne er av svart to-skafta ulltøy som er fôra med rutete ullstoff i brunt og raudorange, samt eit stripete halvullstoff i ubleika kvitt og mørke blått, og enda eit rutete, og eit stripete bomullstoff. Mot ansiktet er det sydd på ein kant, vove i rosebragd med ubleika lin som renning, og med innslag av ullgarn i brunt, raudt, kvitt m. fl.

Prospektmålar J.F.L. Dreier reiste gjennom Nord-Østerdalen i 1798/99 og teikna og måla folk i sine kledrakter. Frå dette distriktet fins akvareller av drakter frå Tolga, Tyldalen, Rendalen og Folldalen. Akvarellen ”En Tyldaling med sin Pige” er interessant



Hetter frå Tynset.

for oss. Me kan her sjå at jenta står og held nettopp ei hette, lik den me tidlegare har omtala. Den er svart, og har tydelege stikka liner i stoffet. Jenta står med hetta i den eine handa og ein kle-tull i den andre, og er på veg til ein annan stad. Hetta ser ut til å vera eit plagg som ho ber med seg.

Hettene i Nord-Østerdalen har truleg vore enkeltstående ytterplagg, brukt mot vind og ver. Alle hettene har likt snitt. Dei er sydd av eit tøystykke og



*J.F.L. Dreier sin akvarell
"En Tyldaling med sin Pige" frå 1798/99.*

har ein innsvinga saum i nakken, med eit ope "bakhovud". Dette er bretta saman til ein rosett og festa i hop i midten. Hetta har eit påsydd skulderslag som er volangforma. På noen av hettene går dette stykket ut i spisser nedst.

Middelalderhettene

Hetta som kleplagg er kjent allereide i romertida. I Norden er det funne ein hettetype på Orkenøyene som blir dattert til tida mellom 250 – 615 e. Kr.

I vårt årtusen er det største funnet gjort på Herjolfsnes på Grønland med 17 hetter, som tidfestes til 1300-talet. I Halland, Sverige på garden Bocksten vart det i 1936 grave fram ein mannsperson i ei torvmyr. Denne var fult påkledd med kappe, kjortel, struthette, hoser, fotlapper og penisfuttal. Også dette funnet skriv seg frå 1300-talet.

Struthetta var eit mannsplagg. Den



Hetter frå Tynset, detalj.

var samansydd av to like stoffstykker, med saum over issen og ned i nakken. Det karakteristiske er den lange struten som heng ned frå bakhovudet. Kva funksjon denne hadde er uklart. Lengda på struten hadde med velstand å gjera, dess lengre strut, dess meir velstående var mannen som bar hetta.

Bymotekyser

Denne kvinnekysa blir her i distriktet kalla "kråke". Ho var i bruk i siste halvdel av 1800-talet. Eldre folk i dag minnes denne kysa, som blir karakterisert som eit fint, gammalt hovudplagg. Plagget representerer bymoten og kom inn med den moderne draktskikken på slutten av 1800-talet. Det var først og fremst embetsfolk, sorenskriverer og prester, samt handelsmenn som førte slike plagg med seg inn i bygdesamfunna. Desse vart etter kvart ein del av den almenne draktskikken omkring 1900.

"Kråka" var produsert for salg, og var kjøpvare.

Ein franskmann si kledrakt 1255-60. Frå "Moden gjennom 4000 år" av J. Peacock.



Struthetter frå Herjolfsnes, Grønland.



*Struthette frå
Bocksten,
Halland,
Sverige.*



Hette, "kråke", frå Bullmuseet, Rendalen.

Konklusjon

Denne framstillinga fortel om ei lang utviklingshistorie, frå 1300-talet til inn i 1900-åra.

Funksjonen for alle hettetypane er den same, beskyttelse mot over og vind. Sjølv om hetta har "skifta kjønn", frå mannsplagg til kvinneplagg, var funksjonen den same. Impulsane som kom frå det sentrale Europa fekk eit nordisk fotfeste på 1300-talet. Utviklinga framover gjev hetta eit lokalt særpreg. På 17- og 1800-talet har hetta fått eit særlege snitt. Samansetning av stofftyper, i ytterstoff og fôr speiler tilgang på råstoff og handelsvarer. Plagget har vidareført bruken, og hetta har fått ein funksjon tilegna lokale forhold.

Den nye hettetypan, "kråka", kom inn med bymoten, gjennom embetsstanden. Ho har same funksjon som dei to tidlegare typene. Forskjellen er at denne var designa av moteskaparar, produsert av byhandverkarar og lagt ut for salg, medan den lokale hetta hadde eit lokalt utvikla mønster tilvirka av lokale handverkarar, av lokale råstoff.

Kjelder:

Agot Noss: *Eit middelalderplagg i levande tradisjon*. 1977.

Poul Nørlund: *Nordisk kultur XV: B. Dragt*. 1943.

Varbergs Museum årsbok 1997:

Bockstensmannen och hans dräkt.

Einar Lexow: *J.F.L. Dreibers Norske Folkedragter*. Kristiania 1913.

Ivar A. Streitlien: *Tynset Bygdebok, bind 1*.

John Peacock: *Moden gjennom 4000 år* 2. utgave 1997.

Bunad- og folkedraktrådet sitt registreringsmateriale frå Nord-Østerdalen.

Helga Reidun Bergebakken Nesset
2560 Alvdal
Museumskonsulent